



RØYNSTRAND

ENTREPRENØR AS

Mai, 2026

REDEGJØRELSE ETTER ÅPENHETSLOVA

Åpenhetslova

Åpenhetslova trådte i kraft 1. juli 2022 og skal fremme verksemdar si respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Lova skal bidra til større openheit rundt korleis verksemdar handterer risiko knytt til eigen drift, leverandørkjeder og samarbeidspartnarar.

Formålet med lova er å sikre at verksemdar arbeider aktivt med aktsomheitsvurderingar, førebyggjer negative konsekvensar og gir allmenta tilgang til informasjon om korleis desse forholda blir handterte.

Denne redegjørelsen omfattar Røynstrand Entreprenør AS sitt arbeid med åpenhetslova.

Røynstrand Entreprenør AS

Røynstrand Entreprenør AS vart etablert i 1949 og er ei entreprenørverksemd med hovudkontor i Odda. Selskapet utfører oppdrag innan bygg og anlegg i heile Hardanger-regionen, og har i dag over 60 tilsette med brei fagleg kompetanse og erfaring.

Verksemda leverer tenester innan mellom anna totalentreprisar, VA-arbeid, grunnarbeid, tømrrar- og snikkararbeid, forskaling og betongarbeid, mur- og flisarbeid, rehabilitering, anleggsgartnararbeid og geomatikk. Røynstrand Entreprenør AS gjennomfører både små og større prosjekt for offentlege og private oppdragsgivarar.

Selskapet legg vekt på kvalitet, sikkerheit og ansvarleg drift, og arbeider kontinuerleg med HMSK, kompetanseutvikling og seriøsitet i bransjen. Røynstrand Entreprenør AS er godkjend lærebedrift, sentralt godkjent, registrert i StartBANK og sertifisert etter ISO 9001 og ISO 14001.

I gjennomføringa av prosjekt nyttar selskapet både eigne medarbeidarar, underentreprenørar og leverandørar. Røynstrand Entreprenør AS arbeider derfor aktivt med oppfølging av leverandørkjeda og krav til ansvarleg forretningspraksis.

Forankring og retningslinjer

Røynstrand Entreprenør AS skal drive verksemda på ein ansvarleg og etisk måte, med respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Arbeidet med åpenhetslova er forankra i selskapet si leiing og inngår som ein del av verksemda sitt HMSK- og kvalitetsarbeid.

Selskapet har nulltoleranse for sosial dumping, diskriminering, tvangsarbeid, barnarbeid og andre brot på grunnleggjande menneskerettar. Vi forventar at både eigne medarbeidarar, leverandørar og samarbeidspartnarar opptre i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og krav til seriøsitet i arbeidslivet.

Røynstrand Entreprenør AS stiller krav til:

- lønns- og arbeidsvilkår i samsvar med gjeldande regelverk
- forsvarleg HMS-arbeid og sikkerheit på arbeidsplassen
- bruk av gyldige HMS-/ID-kort på bygge- og anleggsplassar
- respekt for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold
- likebehandling og forbod mot diskriminering
- etterleving av gjeldande lover og forskrifter

Gjennom våre styringssystem og sertifiseringar arbeider vi systematisk for å sikre ansvarleg drift, gode arbeidsforhold og høg kvalitet i alle delar av verksemda.

Aktsomheitsvurderingar

Røynstrand Entreprenør AS gjennomfører aktsomheitsvurderingar i tråd med krav i åpenhetslova. Arbeidet omfattar vurdering av eigen verksemd, leverandørar, underentreprenørar og samarbeidspartnarar der det kan vere risiko knytt til grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Selskapet vurderer særleg risiko knytt til:

- bruk av underentreprenørar
- innleigd arbeidskraft
- arbeidsforhold i bygg- og anleggsbransjen
- leverandørkjeder for materialar og utstyr
- HMS og seriøsitet i arbeidslivet

Ved val av leverandørar og samarbeidspartnarar legg selskapet vekt på seriøsitet, kvalitet, HMS og etterleving av gjeldande lover og forskrifter. Røynstrand Entreprenør AS nyttar i størst mogleg grad godkjende og registrerte leverandørar.

I 2025 starta Røynstrand Entreprenør AS arbeidet med kartlegging og oppfølging av faste leverandørar og samarbeidspartnarar. Arbeidet blir vidareført i 2026 for å innhente

informasjon om leverandørane sitt arbeid med åpenhetslova, etiske retningslinjer, menneskerettar og arbeidsforhold.

Aktsomheitsvurderingane blir oppdaterte jamleg og inngår som ein del av selskapet sitt kontinuerlege HMSK- og kvalitetsarbeid.

Identifisert risiko

Røynstrand Entreprenør AS har ikkje avdekt alvorlege brot på menneskerettar eller uanstendige arbeidsforhold i eiga verksemd. Samstundes er bygg- og anleggsbransjen ei næring der det generelt kan vere risiko knytt til:

- sosial dumping
- manglande HMS-oppfølging
- uoversiktlege leverandørkjeder
- bruk av innleigd arbeidskraft
- arbeidsforhold hos underentreprenørar og leverandørar

Risikoen er særleg knytt til leverandørar og underleverandørar med fleire ledd i leverandørkjeda eller der arbeid og produksjon skjer utanfor Noreg.

Selskapet arbeider derfor kontinuerleg med vurdering og oppfølging av leverandørar og samarbeidspartnarar for å redusere risiko for kritikkverdige forhold.

Tiltak

For å redusere risiko og sikre ansvarleg drift har Røynstrand Entreprenør AS etablert fleire tiltak og rutinar, mellom anna:

- krav til HMS og seriøsitet hos leverandørar og underentreprenørar
- oppfølging av arbeidsforhold på prosjekt og byggeplassar
- bruk av godkjende og registrerte leverandørar
- kontroll av HMS-/ID-kort og dokumentasjon ved behov
- vernerundar og HMS-oppfølging på arbeidsplassen
- fokus på lærlingordningar og fagkompetanse
- varsling og handtering av avvik og kritikkverdige forhold
- kontinuerleg arbeid med kvalitet, miljø og sikkerheit

I 2025 starta selskapet arbeidet med kartlegging av faste leverandørar og samarbeidspartnarar for å få betre oversikt over korleis dei arbeider med åpenhetslova og ansvarleg forretningspraksis. Dette arbeidet vil halde fram i 2026 som ein del av selskapet sitt kontinuerlege arbeid med leverandør-oppfølging og aktsomheitsvurderingar.

Resultat og vidare arbeid

Aktsomheitsvurderingane som er gjennomførte har så langt ikkje avdekt alvorlege negative konsekvensar eller vesentleg risiko for brot på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd.

Røynstrand Entreprenør AS vil vidareføre arbeidet med å styrke rutinar for leverandøroppfølging, dokumentasjon og aktsomheitsvurderingar. Verksemda vil også arbeide vidare med å auke bevisstheita rundt åpenhetslova internt i organisasjonen og blant samarbeidspartnarar.

Arbeidet med åpenhetslova er ein kontinuerleg prosess, og selskapet vil oppdatere vurderingar og tiltak i takt med utvikling i verksemda, prosjekt og leverandørkjeder.

Kontakt

Spørsmål knytt til Røynstrand Entreprenør AS sitt arbeid med åpenhetslova kan rettast til:

Røynstrand Entreprenør AS

E-post: postmaster@roynstrand.no

Nettside: <https://roynstrand.no/>